



Foto: Jens Meyer, Bjørgvin bispedøme/ Bergen kirkeautunnale



Photo: Laila Meyrick

Ønsker du meir informasjon om Pilegrim i orgelsko?

Ta kontakt med Hildegunn Opstad Smørgrav

i Kyrkerådet. Telefon: 23 08 12 59

Epost: hs484@kyrkja.no.

Er du mellom 7 og 25 år og spelar orgel?

No kan du søke om å delta i

Pilegrim i orgelsko (PIO)

Stavanger, (13.-) 14.-16. september 2018



UNG PÅ ORGEL



NORSK ORGELFESTIVAL



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



UNG KIRKESANG



Eckbos Legat



DEN NORSKE KIRKE
Kirkerådet



DEN NORSKE KIRKE
Stavanger kirkelige fellesråd



DEN NORSKE KIRKE
Kirkerådet



UNG PÅ ORGEL

PIO 2018

For kven

Pilegrim i orgelsko (PIO) søker no etter deltakarar i alderen 7-25 år. PIO i Stavanger har plass til fleire deltakarar enn tidlegare år. Denne gongen kan også orgel- og kyrkjemusikkstudentar søke, og vi opnar også for at deltakarar som har vore med på PIO tidlegare kan delta.

Tid og stad

Fredag 14.- søndag 16. september under Norsk orgelfestival i Stavanger. Oppstart fredag 14.09 kl. 13.00, avslutning søndag 16.09 kl. 13.00. Dei eldste deltakarane (18-25 år) startar ein dag tidlegare, torsdag 13.09 kl. 13.00.

Innhald

Musikalske møter mellom unge organistar og unge jazzmusikarar frå *Unge talenter Bjergsted*. Samspel, variert repertoar, improvisasjon. Undervisning i grupper og enkeltvis. Konsert i Stokka kyrkje og deltaking ved festivalgudsteneste i Lura kyrkje og St. Johannes kyrkje. I tillegg får PIO-deltakarane med seg konsertar og meisterklassar som foregår under festivalen.

Korleis bli med

Du søker opptak til PIO gjennom orgel-læraren din, anten du til vanleg får undervisning gjennom kyrkja, i kulturskulen eller privat.

Send kortfatta søknad til Hildegunn Opstad Smørgrav i Kyrkjerådet, på adressa hs484@kyrkja.no. For meir informasjon, ta gjerne kontakt med Hildegunn på e-post, eller telefon 23 08 12 59.

Søknaden må innehalde

Fullt namn og fødselsdato til deg som elev, namnet på læraren din, samt informasjon om kor lenge du har spelt orgel. Skriv eit par linjer om kvifor du har lyst til å delta i PIO, og nemn nokre stykke du har på repertoaret, anten det er orgelstykke, salmar, liturgisk musikk eller eigenkomponert.

Pilegrim i orgelsko i Stavanger er eit samarbeid mellom Kyrkjerådet sitt pilotprosjekt Pilegrim i orgelsko (PIO) og spirekurset for unge organistar under Norsk orgelfestival.

Søknadsfrist: 10. juni 2018.

Svar på søknaden: Du får svar på søknaden i midten av juni.

Pris

Kyrkjerådet og Norsk orgelfestival dekkjer seminaravgift, kostnader til reise (rimelegaste reisemåte) og overnatting, samt dei fleste måltida. Eleven betaler ein eigenandel på kr. 150,- for å delta i prosjektet.

PIO-instruktørar:

Nils Henrik Asheim, Martine Bæver Larsen, Karin Nelson og Andreas Pettersen.



Nils Henrik Asheim, organist og komponist.
Foto: Emile Ashley



Karin Nelson



Martine Bæver Larsen



Andreas Pettersen